

Sivsko  
Jæren Husflidslag



Skjæring av siv. Sevsko vert laga av sev som veks i ferskvatn, sjøsivaks. I slutten av juni er den beste tida for dette, ein brukar sigd eller stutturv/ljå. Ein tek ein neve med strå i handa og skjer heilt nede ved botnen, la røttene stå att.



Sivet heng i buntar til turk, ferdig rensa.



Vi flettar ei firflette passelig lengde til eit par sko, ca 8m. For å sy skoa må ein ha ein skomakarleist, hammer, spiker, nål, voks lintråd og ein seglmakarhanske på handa. Det kan vera litt tungt arbeid med syinga. Etter skoen er ferdig sydd må den få en sole, først ei skinnreim over vrista, så ein ullsåle. skinn under hel og tå og til slutt skinn under heile skoen. Det skal vera eit skinnstykke i hælen.



Sivet må vera blaut både når ein flettar og syr. Legg sivet i blaute klede eller avisapir over natta, så ein kan fletta neste dag.



Ferdige sko etter ett kurs.

Jæren Husflidslag valgte å lage sivsko av siv (lyssiv) som sin rødliste teknikk. For å sy skoa må ein ha ein skomakarleist, hammer, spiker, nål, voks lintråd og ein seglmakarhanske på handa. Hele arbeidsprosessen er viktig å halde i hevd.

I eldre tid var det ein viktig ressurs som vart nytta, og ei inntekt som

kom vel med for folk som budde ved desse vatna kor sevet vaks.  
"Sivsko er ein type fottøy fletta av siv (som lyssiv). Typisk bruk er anten utanpå sko eller støvlar for å halda varmen, eller innandørs som tøflar. Sivsko blei laga i område med mykje tilgang på siv, som i Danmark og delar av Noreg." <https://nn.wikipedia.org/wiki/Sivsko>

Jæren Husflidslag begynte kursverksemd i 1987-1988 med Solvor Skrudland som lærer. Kursa tek for seg kunnskapen om å skjære sivet på riktig tid, spyla, reinska, turka, fletta og sy. Thea Helland og Bjørg Njå har vært lærara i tidlige tider. Hilde Krogedal og Solveig Lode Knutsen har i dei siste åra hatt kursa.

Det finnes bilder på digitalmuseet som viser bilder av sko og sivsanking i 1967. [DigitaltMuseum](#)

Bokkilde:

Kilde: *Skaperglede, Husflid i Rogaland gjennom 75 år*, Stavanger Offset AS , (2008)

Lenkekilder :

[http://www.husflid.no/fagsider/roedlista\\_lest\\_1.3.21](http://www.husflid.no/fagsider/roedlista_lest_1.3.21)

[Sivsko – Wikipedia](#)

[DigitaltMuseum](#)